



Knut Arne Husebø
Orrhøyen 16
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1344 - 19/13268

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
14.06.2019

Melding om diverse feil i septiktank - GBNR 57/4

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følge opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 04.06.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om diverse feil og manglar i septiktanken på eigedommen din, gnr, 57, bnr. 4, adresse Sætrevikvegen 39. Det dreier seg om lågt nivå, lekkasje på grunn av mulig brudd på innløp og at tanken mangler dykk. Lågt nivå i tanken tyder på at det er lekkasje frå tanken. Ved lekkasje frå septiktank renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Desse feila i tanken må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følge Norva 24 Vest AS er i perioden april til juli 2021. Då du som eigar av septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter at tanken er tømt i 2021.

For å få utbeta septiktanken må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeidet.

Dersom tilstandane allereie er utbeta ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 57-4 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Knut Arne Husebø
Norva24 Vest AS

Orrhøyen 16
Sløvågen 16

5918
5960

FREKHAUG
DALSØYRA